

Ein god student- kvardag for alle!



For dei mange
– ikkje for dei få

Det betyr noko kven som styrer

SV vil at alle skal ha lik rett til utdanning. Studentane må ha gode ordningar, slik at alle kan utdanna seg uavhengige av økonomien til familien og kvar i landet ein bur. Derfor vil SV auke studiestøtta. I forhandlingar med regjeringa har SV fått fleire gjennomslag for å betre studentøkonomien, mellom anna gjennom ei historisk auke i studiestøtta på 9000 kroner og innføring av straumstipend til studentar.

Eit godt helsetilbod for studentar er ein viktig del av det å sikra gode rammer for å studera. Ein av fem studentar opplever alvorlege psykiske problem i studietida, utan at studenthelsetilbodet har kapasitet til å møte utfordringa. I tillegg er det svært vanskeleg for studentar å få juridisk hjelp om dei har problem med utdanningsinstitusjonen.

Bustadutgiftene er ei av dei største utgiftenene til studentane, og studentbustader bidreg til å presse ned prisane på den vanlege leigemarknaden. SV vil derfor arbeida for fleire studentbustader og endra husleigelova, slik at leigetakarar har større rettar enn i dag.

SV vil:

- Innføra tolv månader med studiefinansiering og auka ho til *2G, og halda stipendandelen på same nivå.
- Auka kostnadsramma og løyva støtte til bygging av 6000 studentbustader i året med mål om å auka den nasjonale dekningsgrada til 30 prosent.
- Styrke studentar sitt psykiske helsevern.
- Sikre gratis, offentleg eigde og drivne universitet, høgskular og fagskular, og at universitet og høgskular som hovudregel skal eiga egne bygg.
- Endre Husleieloven gjennom å styrkja leigetakarane sine rettar, sikra grunnleggjande butryggleik og sikra at lova samsvarer betre med dagens situasjon på leigemarknaden.

Sosialistisk Venstreparti
Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn
i SV her:

